

Thorsheim 27/8-20

Søknad om dispensasjonssøknad

Vi viser til brev fra Alver kommune den 24.6.2020 der det bes om at det blir sendt søknad om dispensasjon frå byggeforbodet i omsynssona som gjeld ved Storavatn. Frist for søknad er sett til 1. september, jf. brev frå Hogne Askeland.

Alver kommune v/ Klagenemnda har gjeve løyve til utslepp i vedtak datert 15.6.2020. Utsleppsløyve er gitt til eksisterande bustader på gnr/bnr 181/1 og 181/11 i Alver kommune.

Eigedomane ligg i ei sikringssone rundt Storavatn, jf. pkt. 4.1.1. i planføresegnene. Det går frem av pkt. 4.1.1 i planføresegnene at «Innanfor nedslagsfelt for drikkevatn kan det ikkje førast opp ny bustad eller fritidsbustad, eller godkjennast nye tiltak knytt til eksisterande bygd eigedom som legg til rette for auka eller endra bruk. Det vert ikkje opna for nye eller auka utslepp i området.»

Omsynet bak byggeforbodet innanfor sikringssona er å sikre at drikkevatnet innehar god kvalitet, og at risikoen for forureining i drikkevatnet ikkje aukar.

Det omsøkte utsleppet som kommunen no har godkjent vil medføre at bustadane på eigedomane får eit moderne renseanlegg med dagens standard. Det er ein stor fordel at avløpssituasjonen for bustadane kjem i ordna forhold, og med dagens moderne standard. Bnr 1 har pr i dag ei gamal og utdatert avløpsordning med spredegrøft slik som var vanleg før i tida. Det er difor ein fordel at anlegget blir modernisert. Det er også ein stor fordel at bustaden på bnr 11 får ordna avløpsforhold **med gråvatn og svartvatn**. Vi legg ved søknad om avløp som Olav Thorsheim sendte kommunen den 6.6.2019 og som beskriv det tekniske anlegget mv.

I og med at saka gjeld eksisterande hus, og det er naudsynt med moderne avløp, meiner vi at det er grunnlag for at kommunen gir dispensasjon frå byggeforbodet i sikringssona i medhald av pbl § 19-2. Etablering av nytt, moderne renseanlegg for eksisterande bustader ivaretek sikringssona og omsynet til drikkevatnet. Omsynet bak føresegna om sikringssone blir difor ikkje vesentleg tilsidesatt; tvert imot fremjar søknaden om utslepp til nytt renseanlegg omsynet bak sikringssona. Vidare er fordelane med å gi dispensasjon klart større enn ulempane etter ei samla vurdering. Det er vanskeleg å peike på kva som er ulempane med tiltaket. Men det er openbert fordelar med å etablere eitt nytt og sikkert avløpsanlegg.

Ein ber etter dette om at dispensasjon frå sikringssona vert innvilga. **Nabovarsel er ikkje sendt Statens vegvesen då ein ikkje har sett det som naudsynt.**

Mvh.

Olav Thorsheim